

Referat frå turen til Telemarkskanalen den 24. – 26.08.2021

Heile 40 medlemmar av LOP Gudbrandsdal dro med buss sørover morgonen den 24. august på opplevingsferd heilt ned til Telemarkskanalen. Peer Gynt Tours hadde skaffa oss ein sers triveleg og trygg sjåfør, og med lokal reiseleiar og lokalkjent historieforteljar, slappa vi av og kunne nyte heile turen.

Lange avstandar vart korta med kaffepause på Lygna, så turen til **Vikersund** vart overkommeleg. Der fekk vi orientering og historisk oversikt over verdas største skiflygingsbakke av ein engasjert hoppentusiast. Dette gjorde at besøket ga meining, trass i ein stussleg lunsj på Skiflygingskroa. Den alltid engasjerte og positive Per Olaf Lundteigen, som var der på konferanse, stakk hovudet innom oss og kom med ei politisk helsing no før Stortingsvalet. Det var meir enn ein i bølingen av gudbrandsdølar som nikka attkjennande, og applausen satt laust hos andre enn «dei grønne» og.



Informasjon ved VIKERSUND HOPPSENTER.



Engasjert hoppentusiast.



Skiflygingsbakken + to til av i alt seks bakkar.

Resten av turen til **Akkerhaugen i Telemark** gikk greit, med flott utsikt til gule, bølgende kornåkrar og etterkvart til frodige eple- og plommemarkar. Underveis vart det stopp med vinservering i veikanten; pensjonistar no for tida har det ikkje så verst!



Vinsjenkarar i full jobb.

Opphaldsstad i to netter var Norsjø Hotell, som ligg vakkert til ved Norsjø, og der var det god mat å få begge dagane vi var der. Onsdag morgon gikk vi om bord i **MS Telemarken**, og starta turen gjennom vakre telmarksbygder og spennande sluser. Særleg interessant var det å sjå det gamle og store **industrisamfunnet Ulefoss** og dei flott konstruerte slusene. Nesten 57 høgdemeter vart vi løfta opp gjennom dei mange kamra i slusene ved Ulefoss, Eidsfoss og Vrangfoss. Heile dagen var det strålende sol og stille, så litt venting på lunsjen ved Lunde var berre ei nyting, og der låg forresten den lukseriøse båten, MS HENRIK IBSEN, så vi fekk eit inntrykk av korleis «fintfolk» reiste før. **Lunsjen på Lunde Slusekro** var vel det kulinariske høgdepunktet på turen; ei vidunderleg, krema fiskesuppe med godt brød til.



Kanalturen startar på Norsjø i stille og strålende sol.



Eit kammer i ei av slusene. Flott steinarbeid mm i 5 år.



MS Telemarken legg ved kai i Lunde, stoppestaden vår.



Vi ventar på lunsjen, krema fiskesuppe.

Etter lunsj gjekk turen til **Lerkekåsa Vingård og Galleri** i Gvarv. Ein blid og engasjert eigar tok imot oss og viste oss først ei enorm vintønne, omgjort til overnattingstad for to gjestar, der ein nok burde vera sers gode vener for å kunne nyte natta. Så var det vingarden sin tur, og mange vart nok overraska over at vinbonden hadde over 30 forskjellige druesortar. Det var sjølsagt hardføre sortar, nokre heilt frå Russland og Georgia. Høgdepunktet på vingarden var vinsmakinga, der vi vart plasserte i grupper og skulle gjette på om vinen vi smakte var laga av druer eller bær, og evt type bær. Det var ikkje lett, men nokre hadde tydelegvis betre smaksans enn andre. Vi «andre» kunne skylde på Coronaen!



Freistande overnatting?



Flotte vindruer i Telemark.



Vin av bær kunne dei selja.



Bonden på Lerkekåsa foran vingarden sin.



Djup konsentrasjon om vinsmakinga.

Så var det god middag og tidleg kveld på hotellet, for torsdag var heimreisedag med tett program:

Heddal stavkyrkje frå 1250-1300 (Noregs største) var første stopp dagen etter. Der fekk vi ei kort historisk innføring ved Ingrid Rodahl og kunne nyte synet av dette eineståande byggverket. For å bevare bygget best mogleg, er kyrkja stengd vinterstid, så eit vigsla låverom rett ved blir brukt til kyrkjerom om vinteren.



Heddal stavkyrkje frå 1250-1300.



Eit overblikk over kjerka si historie fekk vi med oss.

Kistefos Museum med det nye galleriet «The Twist» var neste stopp. Godt eg ikkje er kunstkritikar, for utstilling i «The Twist» og enkelte nye skulpturar ute, førte til hovudristing og/eller latter for min del, men det er greitt nok å følgje med kva som rører seg i tida, og «smaken er», som kjent, «som baken». Nokre skulpturar er flotte og meir spennande enn andre, og mange falt for det enorme, broderte veggteppet «The Walthamstow Tapestry» av Perry Grayson i eitt av dei gamle fabrikkbygga.



The Twist – eit kunstverk i seg sjølv.



Her går diskusjonane hardt: «Kva er dette?» - «Kva er meininga?»



Om å gå inn i kunsten!



Kunst med meining, som og er vakker!



Spennande broderkunst ein kunne falle i stavar av og knapt nokon gong bli ferdig med å studere.

Siste post på programmet var **lunsj på Hadeland Glassverk** og tid til å sjå seg om og evt handle der. Elgkarbonadar m/grønnsaker + Brownies m/kaffe smakte godt, og så gjekk vi fritt omkring. Nokre handla, mens ein del fekk med seg den fantastiske utstillinga «Monet and friends», der bilete av Monet og andre impresjonistar blir viste på mange store skjermar, med musikk frå same tid, ein eksplosjon av farger, former og lyd, som ga spor i sjela.

På tilbaketuren over Hadeland og opp dalen var det til tider ganske stille i bussen, men i Fron tok Marit ordet og opplyste og underheldt oss med gamle og nye historier frå kjende gardar, så da var vi heime før vi visste ordet av det. TAKK TIL TURKOMITEEN OG REISELEIAR FOR EIN SPENNANDE OG TRIVELEG TUR!

Liv Storbækken
sekretær

Foto: Palmar Ruste